



Til kommunane i Møre og Romsdal

v/ kontaktpersonar jfr. liste

Betre oppvekst – Kommunekartlegging - spørjeskjema

Vi viser til brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune sendt 25.mars med invitasjon til å delta i kommunekartlegging av tenestetilbodet til barn og unge i vårt fylke.

Satsing på gode oppvekstkår, å førebyggje problem og sikre god helse hos barn, er eit av samfunnet sine viktigaste ansvarsområde. Kommunane sitt ansvar for barn omhandlar heile barndommen. Korleis det er der barn veks opp, kan avgjere den enkelte sine muligheter for ein trygg oppvekst og ei god helse. Dette vil også ha innverknad på det vaksne livet. Viktige prinsipp og rettar for å sikre barn gode og trygge oppvekstvilkår og samanhengande tenester er nedfelt i FN sin barnekonvensjon.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune står saman i arbeidet for gode oppvekstvilkår for alle barn og unge i Møre og Romsdal. Ein eigen samarbeidsavtale definerer aktuelle område for å sikre ein samordna innsats på tvers av fagområde og mellom ulike aktørar i vårt fylke.

Saman har Fylkesmannen og fylkeskommunen invitert kommunane til å delta på ei *kommunekartlegging* retta mot barn og unge. Med «barn og unge» meiner vi alle i aldersgruppa 0 til 20 år. Føremålet med kartlegginga er å avklare status og utfordringar knytt til barn og unge sine oppvekstvilkår i kommunen, samt prioritere aktuelle tiltak for vidare planlegging og utvikling. Resultata av analysen kan kommunane bruke for å sikre at krava i barnekonvensjonen blir oppfylt. Lenke til spørjeundersøkinga finn du under avsnittet: «Gjennomføring av kommunekartlegginga i 2015».

Kartlegginga er etter modell frå Fylkesmannen i Troms sitt prosjekt *Sjumilssteget*. Dette prosjektet er seinare følgd opp i andre fylke, m.a. i Sogn og Fjordane. Sjumilssteget er eit hjelpemiddel til analyse og kontroll av evne og vilje i kommunen til å arbeide til det beste for barna i tråd med sentrale artiklar i barnekonvensjonen. For meir om informasjon om Sjumilssteget; sjå <http://www.sjumilssteget.no/>

FNs barnekonvensjon vart vedteken av FNs generalforsamling 20.11.1989. Barnekonvensjonen er ratifisert av nesten alle landa i verda og inneber at nasjonale styresmakter må følgje dei ulike artiklane i konvensjonen. Nasjonane som har godkjent barnekonvensjonen har plikt til å tilpasse lovgiving og praksis i samsvar med konvensjonen. Barnekonvensjonen er førande for kommunal verksemd. Det inneber ei plikt for alle delar av tenesteapparatet til å samarbeide om å gi barn og unge dei rettane dei har fått gjennom barnekonvensjonen, og sikre at samarbeid fungerer i praksis.

Fylkeskommunen har barn og unge som gjennomgående perspektiv i Fylkesplanen for Møre og Romsdal 2013-2016. Fylkesmannen si satsing på barn og unge er kalla *Betre oppvekst*. Barnekonvensjonen ligg til grunn for satsinga, i tillegg til Fylkesmannen sin strategiplan, embetsoppdraget og nasjonale føringer frå fleire departement. Satsinga har fire strategimål

- sikre medverknad frå barn og unge
- betre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge
- betre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge
- redusere dei negative konsekvensane av sosiale skilnader

I *Kommunekartlegginga*, har vi med referanse i strategimåla over utarbeidd spørsmål som kan nyttast til å analysere levekår og tenestetilbodet i kommunen. Denne kan kommunen bruke til å vurdere kvaliteten på dei samla oppvekstkåra og til å vurdere i kva grad dei ulike tenestene samarbeider om å gi tilbod til barn og unge, og familiane deira.

Gjennomføring av kommunekartlegginga i 2015

Fylkesmannen og fylkeskommunen ber om at kommuneleiinga tek ansvar for å organisere og gjennomføre *Kommunekartlegginga* med utgangspunkt i spørsmåla. Kartlegginga bør gjennomførast av ei tverrfagleg og tverretatleg gruppe leia av koordinator (jfr tidlegare utsendt brev). Det er viktig at kommunen sikrar at alle tenester og etatar som har med barn og unge å gjere er invitert med inn i arbeidet. Fylkesmannen og fylkeskommunen vil i fellesskap ta ansvar for samanstilling og analyse av resultata.

Sett frå Fylkesmannen og fylkeskommunen sin ståstad er det viktig at *Kommunekartlegginga* omfattar alle dei 36 kommunane i fylket. Alle kommunane har no gitt tilbakemelding om kontaktperson, og den 4. juni er kontaktpersonane inviterte til samling for å få meir informasjon om *Kommunekartlegginga*.

Kommunekartlegginga vert gjennomført elektronisk, og ber om at kommunen svarar ved å logge seg på elektronisk skjema på <https://edoc.fylkesmannen.no/eDocument.Viewer/FMMR/BetreOppvekst2015>

Vi understrekar at *Kommunekartlegginga* ikkje pålegg kommunane nye oppgåver eller plikter på dei ulike områda. Kommunekartlegginga er i hovudsak meint som ei hjelpe for kommunane til å vurdere både omfanget av og kvaliteten på allereie eksisterande tilbod og tenester til barn og unge. Nytteverdien for den enkelte kommune står såleis sentralt. På bakgrunn av nærmere vurderingar og analysar kan kommunane finne forbettingspunkt og setje i gang tiltak der det er nødvendig. Søkelyset her vil kunne rettast både mot avgrensa fagområde, så vel som mot tverrfagleg og sektorovergripande samarbeid.

Kommunekartlegginga er ikkje uttømmande for alle områda kommunen har ansvar for, men den tar opp sentrale punkt som er særleg viktige å ha merksemd på. Kommunane må sjølve stå fritt til å utvikle sin analyse til å bli meir omfattande dersom det er behov for det.

Aktuelle tiltak for vidare oppfølging frå Fylkesmannen og fylkeskommunen

Fylkesmannen og fylkeskommunen håper at kommunane vil nytte resultata frå *Kommunekartlegginga* i det framtidige arbeidet med å kvalitetssikre tilbodet som blir gitt til barn og foreldre også etter 2015. Kommunane sine statusvurderingar for 2015 blir samla av Fylkesmannen og fylkeskommunen og vil danne grunnlag for seinare oppfølging og samarbeid frå vår side.



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Fylkesmannen og fylkeskommunen vil på ulike måtar medverke aktivt både i samband med planlegging, gjennomføring, analyse og vidare oppfølging av *Kommunekartlegginga*. Oppfølginga kan omfatte m.a. tiltak retta mot prosjektmidlar, evaluering, kunnskapsformidling og fagleg råd og rettleiing

Kontaktpersonar:

Johnny Loen, plansamordnar, Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf 71258288, e-post: johnny.loen@mrfylke.no

Anne Mette Nerbøberg, seniorrådgivar, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Tlf 71258528, e-post: fmmranne@fylkesmannen.no

Elin Røshol, rådgivar ikt, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Tlf 71258513, e-post, e-post: fmmrelro@fylkesmannen.no

Molde 22. mai 2015

Med helsing

Rigmor Brøste

Ass. fylkesmann i Møre og Romsdal

Ole Helge Haugen

Fylkesplansjef Møre og Romsdal fylkeskommune

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi: Ordførar og rådmann